

LITURGI FOR GRAVERD I KYRKJA

1 Klokkeringing

2 Preludium

og/eller høveleg korsong eller solosong

3 Inngangsort

Diakon/Prest I Namnet åt Faderen, Sonen, og Den Heilage Ande.(+)

Vi er samla i ...kyrkje ved båra til *NN*. Saman skal vi få overgje oss i Guds hender med vår sorg og saknad og følgja *han/henne* til den siste kvilestaden.

Det heilage evangeliet seier: Så høgt har Gud elska verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv. ^{Joh 3,16}

Deretter kan ein halda fram med eit av desse skriftorda:

Anten A

Jesus seier: Kom til meg, alle de som slit og har tungt å bera; eg vil gje dykk kvile. ^{Matt 11,28}

Eller *B*

Gud seier i sitt ord: Kall på meg den dag du er i naud, så vil eg fria deg ut, og du skal prisa meg. ^{Sal 50,15}

4 Minneord

Eit kort minneord kan her framførast av *D/P* eller av ein Representant for dei pårørande. Det bør innehalda nokre biografiske moment med særleg vekt på det den døde har hatt å seia for dei som stod *han/henne* nær, og for andre livssamanhengar der *NN* har vore verksam. Her kan følgja andre korte helsingar. Minneordet kan avsluttast med ei kort stille. Er det trong for korte kunngjerigar, kjem desse her.

5 Salme

6 Helsing og bøn

D/P Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus.(+)

Lat oss be.

Anten A

Frå djupet ropar eg til deg, Herre.

Herre, høyr mi røyst!

Vend øyra til og høyr

når eg tryglar og bed.

Dersom du vil gøyma

på syndeskuld, Herre,

kven kan då verta ståande?

Men hjå deg er tilgjeving; difor må vi ottast deg.

Eg ventar, ja, vonar på Herren,

eg ventar på hans ord.

Eg stundar etter Herren

meir enn vaktmenn

etter morgonen,

vaktmenn etter morgonen.

Venta på Herren, Israel!

For hjå Herren er miskunn,

hjá han er full utløysing.

Herren skal løysa ut Israel

frå alle deira synder. ^{Salme 130,1-5}

Eller *B*

Herre, du har vore ein bustad

for oss frå ætt til ætt.

Før fjella vart fødde,

før jorda og verda vart til,

ja, frå æve til æve er du, Gud.

Du lèt mennesket verta

til støv att

og seier: «Vend tilbake,

de menneskeborn!»

For tusen år er i dine augo som dagen i går

då han fór framom,

eller som ei nattevakt.

Lær oss å telja våre dagar,

så vi kan få visdom i hjarta! ^{Sal 90,1-4.12}

Eller *C*

Min Gud, min Gud,

kvifor har du forlate meg?

Kvifor er du så langt borte

frå meg?

Kvifor hjelper du ikkje

når eg klagar mi naud?

Eg ropar om dagen, Gud

– du svarer meg ikkje,

og om natta,

men eg finn ikkje ro.

Men, Herre,

ver ikkje langt ifrå meg,

skunda deg og hjelp meg, du min styrke! ^{Sal 22,2-3.20}

Eller *D*

Heilage Gud, himmelske Far, du som rår over liv og død,

når vi no skilst frå ein av våre kjære, då styrk oss i trua, så vi

òg ved grava kan setja vår von til deg.

Herre Jesus Kristus, du trufaste Frelsar, som gjekk gjennom

død og grav for oss: Ver hjå oss i vår siste naud og gjev oss

eingong å samlast med deg og alle dine i huset åt Far din.

Heilage Ande, du vår trøystar i liv og død, fyll alle sorgjande

med di trøyst. Fri oss frå åndeleg død, dra alle til deg og gjev

oss å ha vår skatt i himmelen.

Amen.

7 Skriftlesing

Løk kristen/D/P/R Lat oss høyra kva Guds Ord vitnar om livet og døden, om dommen og vår von i Jesus Kristus.

Her følgjer tre lesingar, valt frå desse tekstgruppene: **I** Job 19-25-27a(27b)

Salme 23; Salme 42,2-6; Salme 73, 23-26; Salme 103, 13-17; Salme 121;

Salme 139,1-12.23-24; Fork.3,1-2.4.6a.11a.14a; Jes.49.13-16; Klag.3,22-26;

II Rom.6,3-5; Rom.8,31b-35.38-39; Rom.14,7-12; 1.Kor.13.8-13;

1.Kor.15,53-57; 1.Tess.5,8-11a; Op. 21,1-5a; **III** Matt.5,3-10; Matt.28,1-10;

Mark.10,13-16; Luk.12,35-38; Joh.5,24-27; Joh.6,37-40; Joh.10,14.28-29;

Joh.14,1-6.

Kyrkjelyden sit under lesinga.

Her følgjer eventuelt

Skriftlesinga vert avslutta med:

L/D/P/R Slik lyder Herrens ord.

9 Preike

D/P held ei kort preike over eit av dei opplesne skriftorda eller over ein annan høveleg tekst.

10 Bøn

D/P Lat oss be.

Anten A

Jesus Kristus, du som lova å vera med oss alle dagar så lenge verda står, ver du vår styrke og trøyst, vårt lys og vår vegvisar. Lat oss alle ein gong ved trua på deg få del i gleda i oppstoda.

Eller *B*

Evige Gud, himmelske Far, du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden. Vi bed deg, lei oss ved din Heilage Ande, så vi aldri kjem bort frå deg, men lever livet vårt i trua på Son din og eingong når fram til det evige liv i riket ditt, ved Jesus Kristus, vår Herre.

Eller *C*

Herre Jesus Kristus, du som bar alle våre synder, vi takkar deg for din kjærleik som er sterkare enn døden. Gjev oss del i frelsa som du vann ved din død og di oppstode, og før oss med di mektige hand gjennom liv, død og dom inn til di evige glede.

Eller *D*

Himmelske Far, vi takkar deg for det du gav gjennom *NN* som no er gått bort. Styrk og trøyst alle som sit i sorg og saknad. Vi gjev oss over i di sterke hand. Hjelp oss å leva i samfunn med deg, så vi eingong kan fara herifrå i fred, ved Jesus Kristus, din kjære Son, vår Herre.

Eller *E*

Ei bøn som er skriven med tanke på den situasjonen dei pårørande og lokalsamfunnet har opplevd i samband med dødsfallet.

Her kan følgja

11 I dine hender (Salme 31,6)

A I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.
Du forløyser meg, Herre, du trufaste Gud.
I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.
Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.
I dine hender, Herre Gud, gjev eg mi ånd.
Dette leddet kan òg syngjast som vekselsong, sjå Norsk Salmebok 936.
Her kan òg følgja

12 Simeons lovsong (Luk 2,29-32)

anten lesen eller sungen, sjå Norsk Salmebok 909-910.

13 Herrens bøn anten lesen eller sungen

D/P Lat oss saman be Herrens bøn.
A Fader vår, du som er i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

14 Salme

15 Postludium

Før postludiet kan det framførast musikkinnslag, vokalt eller instrumentalt.
Under postludiet vert kista boren ut.

JORDPÅKASTING

16 Salme

17 Skriftlesing

D/P I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande.(+)
Ein av desse tekstane:
Salme 3,6; Salme 4,9; Salme 10,17; Salme 13,2-3a; Salme 17,8+15; Salme 68,21; Op 1,17b-18.

Her kan følgja

18 Bøn ved gravstaden

D/P Herre Jesus Kristus, du som sjølv vart lagt i ein grav,
gjev at vi må følgja deg i oppstoda frå dei døde.

19 Jordpåkasting

D/P kastar tre gonger jord på kista og seier:

Første gongen: Av jord er du komen.

Andre gongen: Til jord skal du verta.

Tredje gongen: Av jorda skal du atter stå opp. 1 Mos 3,19

20 Skriftord og velsigning

D/P Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har atterfødt oss til ei levande von ved Jesu Kristi oppstoda frå dei døde! 1 Pet 1,3

eller

Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. Joh.11,25b-26a

Vend til dei sorgjande:

Ta imot velsigninga.

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. (+) 4 Mos 4,24-26

21 Nedsetjing

Hovudregelen er at kista vert sett heilt ned i grava.

22 Salme

23 Klokkeringing klokka klemtar 3 gonger 3 slag.



Soknepresten i Øygarden
Postboks 100, 5331 Rong
TLF: 56 38 22 44 Mobil: 950 67890
sokneprest@kyrkja.net

Ordning for GRAVFERD i Øygarden prestegjeld



Gravferd er ei handling med gudstenesteg karakter. Når ein person som høyrer inn under Den norske kyrkja døyr, må dei pårørnde snarast råd ta kontakt med presten eller kyrkjekontoret, og gjere avtale om tid for gravferda, gjerne før ein tek kontakt med gravferdsbyrå. Gravferd skal til vanleg baldast innan 8 dagar etter dødsfallet. Tidspunkt vert fastsett av kyrkjeverja i samråd med pårørnde og dei kyrkjelege tilsette.

Gravferd vert førebudd ved at presten har ei sorgsamtale med dei næraste pårørnde. Dei enskilde delane, så som hynting og symbolbruk, må forebuast med tanke på at gravferd er ei kyrkjeleg handling med gudstenesteg karakter. Ein bør syne måtebald med bruk av lys, kransar, blomar og liknande. Presten ser til at gravferdsbyrå eller andre som har oppgåver i samband med gravferda, utfører desse såleis at gravferda kan gjennomførast på ein god og verdig måte i samsvar med den kyrkjelege tradisjonen og gjeldande liturgi.

Salmar og songar skal føreåt godkjennast av den presten som har tenesta. Normalt kan ein nytte utvalet i dei kyrkjelege salmebøkene og Sangboken. Det er vanleg, men ikkje nødvendig, at songane blir trykte på eit eige ark. Presten skal også godkjenne uttrykkesformer for sars heider til den anlidne og andre tiltak som folk ynskjer i tillegg til sjølv gravferdsliturgien. Det same gjeld opptak av bilete, film eller lyd.

All musikk som skal framførast, må godkjennast av kantor på føreband. Vi ønskjer at det vert nytta "levande"/akustisk musikk i kyrkja.

Det må ikkje baldast tale ved ei eventuell keransepålegging utan at pårørnde som syter for gravferda, har gjeve samtykke til det.

Ei minnegåve kan takast opp i våpenbuset eller ved utgangen på veg til grava.

Jordpåkastinga skal ein ha ved grava. Som reint unntak kan presten avgjere at jordpåkastinga skal vere i kyrkja når ytre tilhøve eller tungvegande personlege grunnar krev det. Det trengst til vanleg 6 personar til å bere bára, og 4 personar til å senke bára ned i grava.

I den første sondagsgudstenesta etter gravferda vil kyrkjelyden minnst den/dei som er gravlagd(e) i samband med kunnjingane.

Treng de som pårørnde hjelp til noko, står vi som er tilsette i kyrkja til disposisjon. Ikkje nøl med å ta kontakt dersom de trur vi kan vera til hjelp.

Eit ord frå den Heilage Apostel til sist:

"Død, kvar er din brodd? Død, kvar er din siger?..Men Gud vere takk, som gjev oss siger ved vår Herre Jesus Kristus!"(1.Kor.15,55-57)

